

**Fra:** Ljones, Jostein (josljo@kvam.kommune.no)

**Sendt:** 26.01.2016 14:12:23

**Til:** Fylkesordførar; Sveinung Valle; Terje Søviknes; Mona Røsvik Strømme; Silja Ekeland Bjørkly; Pål Kårbø; Tom Sverre Tomren; Benthe Bondhus; 'anb@bomlo.kommune.no'

**Kopi:**

**Emne:** Omklassifisering av deler av FV7Børvenes i Kvam

**Vedlegg:** ShowDocumentFromDmb.pdf

Hei

Omklassifisering av deler av FV i Kvam herad.

Vegen er del av det sammenhengende gang og sykkelvegnettet og er etablert som del av Kvammapakken.

Hovedformålet med Kvammapakken er å etablere eit samanhengande gang og sykkelvegnett mellom Norheimsund og Øystese. Omsynet til gåande og sykklende er eit viktig trafikktryggingstiltak og ein viktig del av føremålet med Kvammapakken. Kvam herad finn det difor urimeleg at deler av gang og sykkelvegnettet skal verta omklassifisert til kommunal veg, når resten av gang og sykkelvegnettet er ein del av fylkesvegen.

Eg vil påpeike at tilrådinga til fylkesrådmannen/SAMU i saka om omklassifisering av RV 13 om Gamlevegen i Skjervet er innstillinga frå fylkesrådmannen/SAMU at vegen framleis skal vera det av riksvegnettet sidan Tunsberg tunnelen ikkje er opna for gang- og sykkeltrafikk. Det vil også gjelde det samme for Børvenestunnelen, like saker må behandlas likt uavhengig av forvaltningsnivå.

Viser ellers til utalen frå Kvam herad som ligg vedlagt saka og denne e-post.

#### **PS 7/16 Fv 7. - omklassifisering av gamle fv. 7 utanfor Børvenestunnelen i Kvam Herad**

Strekninga utanfor den nye Børvenestunnelensom går mellom rundkøyringa i Øystese vest til kryss med ny fylkesveg 7 ved Nes, er føreslege omklassifisert til kommunal veg. **Den funksjonen vegen har i dag etter at det er bygd ny vegtrase i tunnel, er som lokalveg med tilkomst til bustader og som gang- og sykkelveg.** Denne funksjonen tilseier omklassifisering tilkommunal veg.

Etter veglova § 7, 1 ledd er det fylkeskommunen som fattar endeleg vedtak om omklassifisering eller nedlegging av fylkesveg. Kommunen der vegen liggskal gje uttale før endeleg vedtak vert gjort.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek fylgjande statusendring:

1. Fylkesveg (FT) 7, Hp 15, km ca 1,420 - 3,495 mellom rundkøyringa i Øystese vest til nytt kryss pa? Nes - lengde 2075 meter vert omklassifisert til kommunal veg og vert halden open som omkøyringsveg for ga?ande og sykklende.
2. Før endeleg vedtak trer i kraft og vegen overlevert til Kvam herad skal vegen setjast i stand i henhold til NA-rundskriv 97/13 «Retningslinjer for tekniske krav til veg som skal omklassifiserast - ikraftredelse av vegloven §7».

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 14.01.2016

Natalie Golis (MDG) sette fram slikt forslag: "Alternativ:

Fylkesutvalet tilra?r at fylkesveg (FT) 7, Hp 15, km ca 1,420 - 3,495 mellom rundkøyringa i Øystese vest til nytt kryss pa? Nes - lengde 2075 meter, framleis vert klassifisert som fylkesveg."

Røysting

Fylkesra?dmannen sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet med 14 røyster mot 1 røyst (MDG) for Golis sitt forslag.

## Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet vedtek fylgjande statusending:

1. Fylkesveg (FT) 7, Hp 15, km ca 1,420 - 3,495 mellom rundkøyringa i Øystese vest til nytt kryss på Nes - lengde 2075 meter vert omklassifisert til kommunal veg og vert halden open som omkøyringsveg for gåande og syklande.
2. Før endeleg vedtak trer i kraft og vegen overlevert til Kvam herad skal vegen setjast i stand i henhold til NA-rundskriv 97/13 «Retningslinjer for tekniske krav til veg som skal omklassifiserast - ikraftredelse av vegloven §7».

### **PS 10/16 Rv. 13 Klassifisering/framtidig status på Gamlevegen i Skjervet etter opning av Tunsberg tunnelen - Granvin herad og Voss kommune**

Saka gjeld klassifisering av gamlevegen i Skjervet langs Rv 13 etter opninga av Tunsberg tunnelen i Granvin herad og Voss kommune. Tunsberg tunnelen er ikkje opna for gang- og sykkeltrafikk.

I samband med utarbeiding av reguleringsplanen for Tunsberg tunnelen var det lagt til grunn at gamlevegen **er tenkt nytta som kombinert lokalveg/bygdeveg og gang- og sykkelveg**. Statens vegvesen tilrår no at vegen framleis blir klassifisert som riksveg.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet tilrår at Rv 13 langs Skjervet framleis vert klassifisert som riksveg.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 14.01.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet tilrår at Rv 13 langs Skjervet framleis vert klassifisert som riksveg

### ***Jostein Ljones***

Ordfører

Telefon: 56563011 - 905 15 901

Epost: [josljo@kvam.kommune.no](mailto:josljo@kvam.kommune.no)

Kvam herad - [www.kvam.no](http://www.kvam.no)